FAU – Frøyland skule Årsmøte **Møtereferat**	Dato: Møtereferent:	10.11.2025, kl. 17.00 – 18.00 Susanne Åsebø-Trodal	

Til stede:	**Rektor** - Karen Helene Seppola **FAU:** 2.trinn - Morten Gullbrekken Seglem (kasserar) 3.trinn- Lisebth Berntsen (leiar) 4. trinn – Ingrid Marie Haga (SU representant) 5. trinn – Robert Vawter 6. trinn – Anny K. Aamodt (sekretær) **Klassekonktaktar:** Aina Tøge Johansen (1A) Sandra S Haddeland (1B) Kristine Herrem og Kristina Dahl Jacobsen (1C) Nitha Skretting Andersen (2A) Anne Jorunn Tjessem (2B+7B) Silje Sviland Norland (3A) Karoline Vinningsland Søyland (3C) Ann Iren Maudal Ødegaard (5A) Ole Jakob Vestre og Lisa Christensen (5B) Randi Nisja Heskestad (5C) Tor Ove Ersland (5D) Thomas Dalva (4B+6A) Marianne Hjorteland 7A Tine Gustavsen Sæland (/c)
Forfall:	1.trinn - Roger Holen (Fau) Klassekontakt frå 3B, 4A, 6B

Sak	**Behandlet**	**Ansvarlig/frist**

1	**Presentasjonsrunde:** Fau presenterer seg Kort om Fau sin rolle/oppgåve: Sjå powerpoint (vedlegg) Fau representerer foreldra på overordna/systemnivå. Foreldre kan melde saker til Fau direkte eller via klassekontakter. Deltar i SU og KFAU. Ligg informasjon og referat på skulen si heimeside. Her ligg også informasjon om økonomi- både i FAU og på klassenivå. Kvar klasse har eigen konto på Vipps – QR-kodar ligg på heimeside.	
2	**«Digital praksis i oppvekst»** Ny plan som blir gjeldane frå 01.01.25. Gjeld for heile oppvekst og i planen kjem det fram ulike tiltak for bl.a skule. Byggjer på Nasjonale planer og føringar. Ein arbeider ut i frå eit føre-var-prinsipp. Sjå powerpoint (vedlegg) Rektor informerer om at Frøyland skule er i gong med å kjøpe inn ein del fysiske skulebøker og dette vil dei gjere ei stund framover no i trå med økonomiske rammer. Den nye planen fører til nokre tiltak som er endringar for elevane på Frøyland skule: 1-og 2.trinn bruker iPad på skule i svært begrensa omfang. Har ikkje med iPad heim. 3.og 4-trinn skal som hovudregel ikkje har iPad med heim, her kun i særskilte tilfeller (klasselesekurs og liknande) iPad er satt opp med strenge filter og brannmurar for å sikre innhald og personvern. Ditital kvardag og praksis skal vere tema på foreldremøter. Heile oppvekst i kommunene skal arbeide tverrfagleg rundt dette. Foreldre er generelt bekymra for bruken av sosiale medier og speling, skjermtid generelt. Sjølv om det skjer på fritida preger det elevane på skulen og det kan prege klassemiljø. Foreldre synast det er vanskeleg med grensesettingar og ynskjer å kunne snakke meir saman om dette. Rektor oppfordrar foreldre til å vere tett på og ta ansvar heime. God dialog mellom foreldre ang grenser. Trygge og tydelege foreldre er viktig.	
3	**Smartelefonfri barndom – forslag til vedtak i FAU:** Foreldreaksjon for mobilfri skole på Frøyland vore på møte og hatt eit innlegg i FAU.(sjå referat 27.10.25)	

	FAU ble oppfordra til å fatte eit vedtak om 'Smarttelefonfri barndom' på Frøyland. Det ble lagt fram et forslag til formulering, basert på andre skuler sine vedtak. Forslaget ble drøfta i FAU, og alle er enige om at det vil være positivt å utsette tidspunktet for når de fleste barn får sin første smarttelefon. Samtidig er dette noe som ligger utenfor skoletiden. Skolen er allerede fri for smarttelefoner. Det blei vidare bestemt at dette ville ein presentere i årsmøte for FAU og ta med desse til neste møte i FAU for å kunne fatte eit eventuelt vedtak. Foreløpig forslag til formulering av mulig vedtak: • *Frøyland skule er ein smarttelefonfri skule, og skal fortsette å være det.* • *FAU ønsker at barna ved Frøyland skule skal få ein smarttelefonfri barndom, og oppfordrar føresette til å venta med å gi dei smarttelefon til dei startar på ungdomsskulen. Vi ønsker å oppnå dette innan 2030.* • *FAU oppfordrar skulen til å ta dette opp som tema på foreldremøte på første trinn, slik at me kan stå saman frå starten.* FAU tok i mot anonyme innspel på saka via QR-kode i møtet. Desse tek ein med til neste møte i FAU. Dette kom fram i diskusjonen undervegs i møtet: -Smarttelefon er ein ting, men ungane kan få til det meste og mykje av det same på eit nettbrett. Bør det vere noko om aldersgrenser på appar (sosiale medier) i vedtaket? -Foreldrekontroll/skermtid – har er det mange moglegheiter. Veit foreldre om desse moglegheitene? Klassekontakter kan ta initiativ til foreldremøter med kurs i korleis skaffe meir kontroll over dei digitale einheitene til ungane. -Innspel og oppfordring om at foreldre samlar seg meir om gje ungane alternativ til skjerm. Kva kan vi foreldre og lokalsamfunnet gjere her?	
4	**Eventuelt/Saker frå klassekontakter:** Bruk av FB og sosiale media i foreldregruppene. Her ynskjer ein å flytte kommunikasjonen mellom foreldre vekk i frå Facebook og over til ein anna plattform. Skal behandlast i neste møte i FAU. Skulen skal sjølv avvikle sin profil på Facebook.	